



Line Nyborg er ute med sin femte roman. Foto: Anna-Julia Granberg/Blunderbuss

# Styrken i det skrøpelege

Line Nyborg skriv fengslende om det tilsynelatande hendingslause tilværet.

## ROMAN

LINE NYBORG

### Hund som ser ned

CAPPELEN DAMM

Siv omtalar seg sjølv som «Siv», liksom utanfrå, når ho vil ta avstand frå den viljelause, ettergivande dama som ho har tatt farvel med. Ho har reist frå den dominerande mannen sin i Nord-Noreg og busett seg på ein annan plass i landet saman med tenåringssonen Adam. Men kor lett er det eigentleg å byrje på nytt, med dårleg råd, med



Ho har ei eiga evne til å få det tilsynelatande trivielle til å stå fram som det viktigaste ein nokon gong har lese.

middels sjølvtilitt? Når «Siv» likevel er med på lasset?

### DET VAKLEVORNE LIVET

Siv og Adam bur i ei leilegheit der alt er skakt og skrøpeleg, dører fell av hengslene, det er lytt mellom romma og etasjane. Den vakleворne leilegheita blir eit bilete på det indre livet til Siv, og på relasjonen mellom henne og sonen. Kva skal ho gjere med den tverre femtenåringen som stengjer seg inne i dataspela sine og slepper ut avvisande kommentarar, som trakk rundt med lange armar, store steg og uforsiktig framferd i desse skjøre omgivnadene? Han «lukker aldri dører eller jakker eller nettsider», alt blir gjort utan tanke på andre, slik ser det ut. Er det ein fase, er det ho sjølv som skapar denne motviljen i han? Er det det at ho lurar på dette, som skapar grobotten for det? Skal ein ikkje vere audmjuk overfor tenåringar, men berre setje grenser? Kor hentar ein styrken til det frå? Viss ein må ut og hente han, kan det då kallast ein styrke?

Adam går på skulen når han orkar, han er i ferd med å bli ein problemelev. Han har eit par vener han heng med på fritida, ein om gongen. Siv går på jobb og på yoga, og pratar av og til med naboen som står og røyker utanfor blokka. Og ho pratar i telefonen med venninna i nord. Det er stort sett det som skjer.

### ALLE MEINER NOKO

På yogaen møter Siv unge og attraktive Even, og jammen møter ho ikkje snille og solide Erik ein annan plass, så no skjer det plutselig ein heil del. Men ho møter dei som ho møter andre: avventande. Ho har ein lite kjenslevar sjef som hersar med henne på eit slags umerkeleg

plan, det er det verste planet. Skulen seier at ho må ta meir ansvar for sonen, venninna seier at ho må be skulen om hjelp, Erik seier at ho må sleppe Adam litt, ikkje kontrollere så mykje. Alle meiner noko, ho gjer som alle seier, prøver ut det eine etter det andre. Som ho seier sjølv: «Jeg har ingen tillit til min egen erfaring, eller min egen tolkning av den.»

No er jo ikkje dette ein roman om eit ospelauv som berre kvervlar rundt i andre sine vindkast. Det er ei forteljing om korleis ein kan samle seg etter å ha blitt skadeskoten. Det er ikkje gjort på ein blunk. Men lesaren ser etter kvart teikn på at Siv finn styrken sin. Det kjennest reinsande og oppbyggande, heilt etter boka frå dei gamle grekarane.

### VESENTLEG LITTERATUR

Line Nyborg set ofte opp små manesjar å spele stoffet sitt ut i, som eit veldig lokalt, lite sirkus, og ho har ein heilt eigen evne – også i denne romanen – til å få det tilsynelatande trivielle til å stå fram som det viktigaste ein nokon gong har lese. Det store i det vesle, heiter det, og har sjølvsagt med den litterære presisjonen å gjere. Dynamikk og driv. Stillferdige formuleringar bresteferdige av tyding: «Men barndommen hang fast etter meg og ble et slep som det festet seg mer i, kvister og steiner og barn og et helt ekteskap.» Eller denne, som kan forklare kvifor det ikkje er gjort i ei handvending å lage seg eit nytt liv: «Som en fisk på land spreller ekteskapet, og når du tror det er dødt, slår det plutselig med halen.»

### INGVILD BRÆIN

Ingvild Bræin er litteraturvitar og fast bokmeldar i Dag og Tid.

## BARNEBØKER

# Ja er sølv, nei er gull

Det er bra å kunne seie ja, men viktigare å kunne seie nei.

## BILETBOK

KARI STAI:

### Jakob og Neikob. Stormen

DET NORSKE SAMLAGET

Her er dei igjen, radarparet Jakob og Neikob, i si sjette bok. Denne gongen insisterer Kari Stai meir på bodskapen sin enn i dei tidlegare bøkene. Vi ser det allereie på tittelbladet, der dedikasjonen til Greta Thunberg står øvst på sida.

Tidleg i forteljinga møter dei to venene på Spinnvill, som kan lage alt mogleg på fabrikk sin.

– Berre sei frå kva de manglar, i morgon også, seier Spinnvill når dei dreg heim frå fabrikk med bilar fulle av alt mogleg i kveldinga.

I oppslaget ser vi ein lang kø med rosa bilar fulle av godteriliknande greier i kunstige fargar stable seg opp bakken.

### NYTTAR KONTRASTANE

Ei god barnebok gjev lesaren ei oppleving med det same og ei røynsle som varer.

Kari Stai utnyttar kontrastane og lukkast med begge deler. Jakobs ja sørgjer for å få historia til å setje fart og utfordringane til å vise seg. Neikobs nei peikar på tolkingsrom, opnar språket og koplar på ettertanken. Dialogen mellom dei to gjer at utvalde ord kan få ny



tyding for lesaren, ei tyding som kan skape undring og refleksjon. Slik er det når Stai snur og vender på omgrepet «ingenting» – som viser seg å vere ein veldig viktig ting.

### NOKO PÅ HJARTET

I alle bøkene er botnlinja den same: Det er vel og bra å kunne seie ja, men langt viktigare å kunne seie nei.

Sjølv om miljøbodskapar knytte til bruk og kast, plast og forsøpling er tydeleg formidla, har boka til felles med dei fem andre at ho også har noko på hjartet som vedkjem det indre, mentale miljøet vårt. Kva er det vi manglar? Ingenting. Ingenting er boltreplass og pusterom. Ingenting kan vi lage dersom vi veit kva slags knappar vi ikkje skal trykke på. Det veit Neikob – og lesarane hans.

### JANNE KARIN STØYLEN

Janne Karin Støylen er bonde og litteraturvitar.

# Mangfaldig og sanseleg

## UNGDOMSROMAN

ANE BARMEN:

### Draumar betyr ingenting

GYLDENDAL

Ein ung gut døyr i ei mopedulukke vi aldri får lese om, men som alt kretsar ikring og spring ut ifrå. Louise mistar sin beste ven og kjæraste: «Ein kan leve ein tysdag. Ein kan døy ein onsdag. Du finst. Og så finst du ikkje.»

Louise deler ikkje sorga på sosiale medium, snakkar ikkje om tapet, græt ikkje. Men hjartet slår altfor fort, ho søv dårleg og drøymer om Tormod.

Vi møter henne eitt år etter ulukka, då bestemor hennar døyr. Louise må dra heim att til mor si, som grånar mellom kvitt veggpanel, kubbelys, duskar og HOME-klossar i glaskarmane.

I Louises familie er det ein spesialitet å le utan å



lage lyd, men nokre av scenene er så godt fortalde at dei eksploderer i hovudet. Alt blir levande i dei mangfaldige og sanselege skildringane, anten om dei er til å le, grøsse eller gråte av.

Då storesøstera skjemma seg ut med ei eigeninitiert, tonedøv soloframføring av «Amazing Grace» i gravferda til bestemora, får ho skryt av tantene for si fantastiske formidlingsglede. Det store persongalleriet verkar til å inspirere forfattarens formidlingsglede på ein langt meir vellukka måte.

Denne debuten vil eg setje to strekar under.

### JANNE KARIN STØYLEN